

NASJONALBIBLIOTEKET
Postboks 2674 Solli
0203 OSLO

Dato	14.02.2022
Vår referanse	2022/5084-2
Dykkar referanse	2021/122
Sakshandsamar	Anja Angelskår Mjelde
E-post	Anja.Angelskar.Mjelde@vlfk.no
Telefon	57637957

Statusrapport prosjekt Å Vestland, Vestland

Vi sender med dette over statusrapport for «Å Vestland, Vestland! Nye og revitaliserte samarbeid i eit nytt fylke», eit toårig prosjekt 2021-2023.

Søknadsmidlar

Tildelt for 2021/22: 300 000

Søknadsbeløp 2022/23: 200 000

Mål:

I prosjektet vil vi styrke tenestene til bibliotekbrukarane i fylket gjennom nye former for samarbeid, revitalisering av eksisterande samarbeid, og etablering av ein ny digital samarbeidskultur. Dette vil vi gjere gjennom å:

1. Utforske nye samarbeid og vurdere eksisterande samarbeid
2. Etablere nye og revitalisere eksisterande samarbeid
3. Kompetanseutvikling
4. Utforske og etablere ein ny digital samarbeidskultur

Framdrift:

Prosjektet starta som planlagt hausten 2021. Til no har vi i hovudsak arbeidd med tiltak 1 og 4, og vi ser at vi må og bør bruke meir tid på det grunnleggande forarbeidet i tiltak 1 enn først skissert.

Tiltak 1 – Kartlegging av korleis eksisterande samarbeid fungerer, og kva tema som er aktuelle å danne nye samarbeid rundt.

Vi har ønskt å involvere breiast mogeleg i biblioteka, og har invitert alle bibliotektilsette som ønskjer det til å delta i samtale om biblioteksamarbeid.

Vi har hatt 6 digitale møte, der eit representativt utval med til saman 36 bibliotektilsette har delteke i samtale. Store og små bibliotek har vore representerte, frå alle kantar av fylket, og både leiarar og andre tilsette har delteke.

Mål med møta har vore å løfte spørsmål og problemstillingar rundt

- samarbeid og samarbeidsformer generelt
- dei eksisterande, regionale samarbeida
- eventuelle nye samarbeid
- digital samhandling
- fylkeskommunen si involvering

Diskusjonstema blei sendt ut på førehand, og i møta har vi fått løfta temaet og problemstillingar for deltakarane, og har fått høyre om utbytte og utfordringar, ønske og idear når det gjeld samarbeid.

Gjennom samtalane med bibliotektilsette er det tydeleg at kommunesamanslåingane og pandemien har leia til ulike retningar på spesielt dei regionale samarbeida. Nokre er ikkje aktive lenger, og andre samarbeider nærare enn før.

Møtereferata vil vi bruke vidare i arbeidet vårt med å lage ei spørjeundersøking. Undersøkinga skal gå ut til alle bibliotektilsette, og vi vil spørje etter meir detaljerte og konkrete innspel frå alle. Vi vil klarere med deltakarane at undersøkinga ikkje bli anonym, sidan vi vil bruke resultatata til å opprette nye samarbeid, vurdere kvar dei eksisterande treng justeringar, og korleis vi kan hjelpe samarbeid i gang og vidare.

Det er behov for å gjere eit grundig forarbeid før vi set i gang aktivitetar i nye og gamle samarbeid. Vi vil difor bruke våren 2022 til spørjeundersøkinga og planlegging av tiltak, kurs og aktivitetar som skal gjennomførast frå hausten 2022.

Tiltak 4 – Utforske og etablere ein ny digital samarbeidskultur.

Identifisere og implementere digitale samhandlingsverktøy. Opplæring i digitale verktøy og samarbeidskultur

Vi har i heile perioden arbeidd ein god del med den digitale samhandlinga. *Microsoft Teams* har utkrystallisert seg som det verktøyet som vi i hovudsak vil bruke. Alle kommunane brukar dette, og vi ser at å innføre mange ekstra verktøy ikkje er heldig med tanke på at det faktisk skal bli brukt. Vi må vere der dei bibliotektilsette er, og heller satsa på å utnytte mogelegheitene som finnest i verktøyet.

Vi har oppretta eit Team for bibliotektilsette i Vestland, med ulike kanalar for tema biblioteka jobbar med. Vi har også hatt ulike typar kurs/opplæring og rettleiing for bibliotektilsette i bruk av verktøyet.

Vi ser det framleis er utfordringar knytt til Teams, når det gjeld

- aktivitet – om dei faktisk brukar det
- korleis det blir brukt – ein utnyttar ikkje mogelegheitene som finnest
- kompetanse – ein har ikkje oversikt over korleis ein kan bruke det

I samtalane med bibliotektilsette i fylket har vi også fått høyre meir om erfaringane deira med å nytte Teams og andre verktøy, og fått konkrete ønsker til både løysingar og kompetanseheving.

Vil jobbe aktivt vidare for å få til den gode, digitale samhandlinga, der ein kan arbeide meir saumlaust i systemet og nytte seg av relevante mogelegheiter i systemet. Vi ser for oss at dette er eit arbeid som vil gå i heile prosjektperioden – og vidare.

Sidan pandemien kom då fylket vårt var nytt, er det framleis mange tilsette som ikkje har møtt kvarandre eller oss på seksjon for bibliotekutvikling fysisk. Mange peikar på dette som ei utfordring for å bli godt nok kjent til å utvikle ein digital samarbeidskultur. Vidare i prosjektet vil vi sjå nærare på denne problemstillinga. Kva skal til for å bli kjent og finne nye samarbeidspartnarar? Kan vi drive digital relasjonsbygging? Er det *nok* å få til dette digitalt for enkelte typar samarbeid? Korleis kan vi drive digital relasjonsbygging side om side med fysiske møte på ein konstruktiv måte?

Vidare arbeid

Kunnskapen og kompetansen vi får gjennom kartleggingsarbeidet, både når det gjeld digital samhandling, relasjonar og fagleg utbytte, vil danne grunnlag for relevante tiltak vidare i prosjektet.

Rekneskap

I første halvår av prosjektet er det ikkje gjennomført kurs/fysiske samlingar, dette er planlagt i 2. halvår av 2022 og i 2023. Det er førebels berre brukt personalressursar i prosjektet.

Anslått ressursbruk til no:

Prosjektleder: 2 mnd.verk	120 000
Andre prosjektdeltakarar frå fylkesbiblioteket 0,5 mnd. verk	30 000
Biblioteka: 0,5 mnd.verk	30 000
Til saman	180 000

Med helsing

Elin Golten
seksjonssjef
KII - Bibliotekutvikling

Anja Angelskår Mjelde
seniorrådgjevar
KII - Bibliotekutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift